

## Referat frå foreldrerådsmøte på Austebygd skule – 23.09.14

20 heimar var representerte på møtet.

Rektor ynskte alle velkommen, og eit særleg velkommen til kommunalsjef Jo Bjarte Tømmerbakke.

### **Sak 1. Ekstern skulevurdering.**

Rektor gjekk gjennom rapporten etter den eksterne vurderinga om "Vurdering for læring" som nettopp var gjennomført ved skulen vår. Rapporten er skriven av dei eksterne vurderarane Guri Benjaminsen og Asbjørn Skår. Rapporten vil vera offentleg, og vert lagt ut på nettet, m.a. på Austebygd skule sine heimesider. Vurderane har gitt ros både til foreldra og elevguppene dei intervjuar, og sagt at alle var engasjerte og lette å snakka med.

Rektor understreka samtidig kor flott det er at så mange foreldre kjem på foreldrerådsmøte: Dette er eit klart signal som viser borna dykkar at de foreldre meiner skule er viktig!

### **Sak 2. Informasjon om Radøyskulen, m.a. med utgangspunkt i "Plan for samarbeid heim-skule" og "Utviklingsplan for grunnskulen i Radøy 2014-17".**

Kommunalsjef Jo Bjarte Tømmerbakke innleia med å fortelja at vurderarane gav han signal om at Austebygd skule er godt i gang med "Vurdering for læring – og han brukte i denne samanheng uttrykket "mønsterbruk" om skulen vår!

Han presenterte så si rolle som Kommunalsjef for oppvekst i Radøy. Han har eit hovudansvar for oppvekst: Barnehagane, skulane og ungdomskoordinatoren.

"Utviklingsplan for grunnskulen i Radøy 2014-17".

Denne vart politisk vedtatt før sommaren 2014, og skal vera førande for arbeidet dei neste 5 åra. Skulen skal vera forskingsbasert, og målet er at me skal heva resultatane i Radøyskulen. Det aller viktigaste er å få gode samfunnsborgarar, og i den samanheng er det å få flest moglege elevar til å gjennomføra vidaregåande skule eit svært viktig utgangspunkt.

"Skule-heim samarbeid".

Kommunalsjefen har samanfatta viktige punkt på dette området i ein eigen plan. Denne manglar enno litt, og er difor førebels å sjå på som eit utkast.

Lovverket pålegg oss å leggja til rette for eit godt skule-heim samarbeid. Skulen er her den profesjonelle parten, og har eit spesielt ansvar for å invitara og setja i gang samarbeidet.

Planen skal hjelpa til å få systematikk i samarbeidet, slik at det skal vera likt å ha born på dei forskjellige skulane i kommunen vår. Ein god dialog mellom skule og heim er viktig for å få i stand samarbeid.

I denne samanheng er det også viktig å få avklart forventningar. Skulen har forventningar til foreldra, og foreldra har forventningar til skulen.

### **Sak 3. Saker frå FAU**

#### **a) Årsmelding**

Avtroppande FAU-leiar, Laila Blomvågnes gjekk gjennom årsmeldinga, og denne vart teken til orientering.

Rektor takka henne for godt samarbeid og for arbeidet ho har gjort i dei 2 åra ho har vore leiar i FAU! Ho takka også dei andre i FAU, som no går ut!

b) FAU for skuleåret 14/15

Det nye FAU har alt hatt møte, og konstituert seg:

Leiar: **Geir Olav Repål**

Nestleiar: **Hildegunn Sivertsen**

Kasserar: **Mette Rosenlund**

Skrivar: **Janne Grete Øvrebø Heier**

Representantar til Samarbeidsutval og Skulemiljøutval:

FAU-leiar er også fast SU/SMU-repr..

Personleg vara: *Kjersti Flatråker*

Representant 2: **Agnethe Soltveit**

Personleg vara: *Marit Ystebø*

c) Andre aktuelle saker frå FAU.

Gjera gapahuken ferdig + det nye området til uteskulen.

Det vart avtalt 2 dugnadsdagar no i haust: **28.september og 19.oktober**. FAU lagar skriv til heimane på småskuletrinnet. Det var også einighet om å bruka noko av midlane frå FAU-kontoen til å kjøpa inn tau, boltar, m.m.

17.mai-komitè.

Eit forslag frå nytt FAU om at 17.mai-komitèen skal bestå av både 5. og 6.klasse foreldre, vart diskutert. Komitèen er vanlegvis stor nok, men med dagens ordning vert det ei litt for stor utfordring om me om nokre år kun har 2 heimar i komitèen (årets 1.klasseforeldre). Det er uansett kvart år eit problem at ein del foreldre som er sett opp på vakt ikkje møter, og heller ikkje gir beskjed om at dei ikkje kjem. Saka vart diskutert, og det vart bestemt at ein tek eit ekstra møte på denne saka seinare.

Buss-tider ved skuleslutt.

Det er tidlegare sendt ut skriv om endringa av buss-tidene ved skuleslutt, og saka vart diskutert på møtet. FAU vil senda skriv til Skyss om saka.

"Lokke-mann" saka.

Saka vart diskutert, og ein hadde m.a. litt fokus på "Korleis snakkar me med borna våre om dette?"

Austebygd skule, september 2014

Referent: *Kirsten Skage Mellingen*